



Tyssevegen 217 - 5650 TYSSE  
Tlf. 97094408  
[www.samnanger-naering.no](http://www.samnanger-naering.no)

Vestland fylkeskommune.  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Samnanger 03.10.2025

Kopi: Samnanger Kommune

### **Oppstart Reguleringsplan for fv.49 Steinsdalen-Eikedalen, skredsikring Tokagjelet.**

Styret i Samnanger Næringsforum har følgt nøye med på utviklinga og framdrifta omkring skredsikring av Tokagjeldet, og er observera at ein no har starta opp med reguleringsplan for fv.49 Steinsdalen-Eikedalen.

#### **Reguleringsplan for skredsikring av Tokagjelet.**

Fylkeskommunen skal utarbeide reguleringsplan for gjennomføring av skredsikring av Tokagjelet, Reguleringsplanen omfattar ny tunell frå Steinsdalen i Kvam herad til Eikedalen i Samnanger kommune. Planarbeidet vil dessutan omfatta gang- og sykkelveg mellom Teigabergtunnelen og Fossenbratte i Eikedalen.

Ein har merka seg at løysing for mjuke trafikantar frå Byrkjesete til Steinsdalen ikkje vert del av planarbeidet for fv.49 Steinsdalen-Eikedalen, men ser av oppstart- meldinga at løysing for mjuke trafikantar vil verta handsama i eigen plan. Denne planen har ikkje vært publisert.

#### **Framtidig tilknytning til E134 Haukelivegen med «arm til Bergen».**

Statens vegvesen har anbefalt det billigaste alternativet for «arm til Bergen» for E134 Haukelivegen frå Jøsendal ved odda med tilknytning til E16 ved Trengereid. Alternativet fylgjer eksisterande fv.49 via Odda, gjennom Folgefonntunnelen og Jondaltunnelen, så med ferje eller bru over Hardangerfjorden og vidare via Norheimsunds og Samnanger. Dette alternativet er i bruk i dag for trafikk mellom Bergen og Hardanger og vidare mot sør- og austlandet over Haukeli, men med auka trafikk treng vegen utbetringar fleire stader. Løyvingar til nødvendige utbetringar kan takast over tid, men ein av dei kritiske punkta er rassikring av Tokagjelet. For Næringsforumet synes det naturleg at Statens vegvesen og Fylkeskommunen samarbeider om dette prosjektet.

#### **Smal vegbreidde ved bruer.**

Vi meiner at kostnadsbilde Steinsdalen/Eikedalen ikkje gir et riktig bilde basert at vegen frå Frøland til Eikedalen inneheld fleire flaskehalsar som ikkje er med i budsjett og reguleringsplan.

På vegstrekningen mellom Mørkhølen og Eikedalen er det 3 smale bruer med (ei køyrebane), i tillegg har vegen opp frå Mørkhølen ein svært knapp sving (Børdalen) der store køyretøy ofte får problem på glatt føre.

Dette bør også utgreiast.

#### **Høydeforskjell**

Høgdeforskjell på ca. 390 mtr fører til at tungtransport får en vesentleg økt drivstoff forbruk versus flat tunnel frå Steinsdalen til Liasros. Dette bør utgreiast.

#### **Omkøyringsveg**

Me minner og om at Fv.49/Fv.79 er nytta som omkøyringsveg når E-16 mellom Arna og Voss av ulike grunnar er stengt. Når det skjer har vist seg gong på gong at det oppstår trafikale problem som også

hindrar utrykkingskøyretøy å koma fram. I tillegg til rassikring, er det viktig at vegen vert utbetra og godt vedlikehalden.

Etter Næringsforumet si meining må også lang (flat) tunnel (Steindalen/Mørkhølen) også utgreiast for å kunna setja prosjekta opp mot kvarandre, uavhengig av finansiering.

Med beste helsing

For styret i Samnanger Næringsforum